

VURDERINGSRAPPORT

BOLSTAD

BARNEHAGE OG SKULE



Tema: **Elevvurdering**

Bolstad barnehage og skule, rektor Svein Mykkeltvedt, tlf 56 52 11 71
Svein.mykkeltvedt@voss.kommune.no

25. – 28.10.2010



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Innholdsliste:

1. Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



1 - Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular. Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?


- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen. Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Bolstad barnehage og skule er ein liten, få-delt skule, og den er eit viktig knutepunkt i bygda. Både skulen og barnehagen er sterkt involvert i det meste som føregår, særleg er det populært å vitja elevbedrifta som diskar opp med middag om lag ein gong i månaden.

Skulen ligg fritt og fint til, med skog og natur rundt. Dette gjer at ein kan bruka nærmiljøet i undervisninga. Mange av barna bur i nærleiken av skulen og barnehagen, men mange har også lang veg.

Skulen har 28 elevar. Skulen har også skulefritidsordning der 17 av elevane har plass. Det er 13 tilsette på Bolstad barnehage og skule. Alle tilsette er knytt både til skulen og barnehagen.

Auka fokus på elevvurdering er forankra i forskriftsendringa 2009, ståstadsanalysen og skulen sitt satsingsområde.

3 – Vurdering

Bolstad skule har bede om vurdering på følgjande tema:
“Elevvurdering”

“Korleis gjera elevvurderinga betre på vår skule?”

(Elevsamtalen, fagleg tilbakemelding, månadsbrev, halvårsvurdering, foreldresamtalen osv.)





4 – Glansbilete

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Bakgrunnen for omgrepet: Tidlegare var det vanleg å samla på glansbilete. Englane med glitter på vengene, var særleg vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kan ynskja at dei ser ut som på gamle glansbilde!



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

GLANSBILETE PÅ ELEVVURDERING PÅ BOLSTAD SKULE!

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD KVALITET
Vurderinga stimulerar elevane til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none">- eleven kjenner læringsmåla og veit kva som skal vurderast- eleven får rettleiing og vurdering undervegs, slik at han vert medviten om kva og korleis han skal arbeide vidare- eleven er aktiv og har medansvar i vurderingsprosessen- vurderinga er eit reiskap i den tilpassa opplæringa- det vert gjennomført elevsamtalar /fagsamtalar og utviklingssamtalar
Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- foreldre /føresette kjenner læringsmåla- foreldre /føresette veit kva som skal vurderast- foreldre /føresette deltek i deler av vurderinga- skulen informerar føresette om vurderingspraksisen ved skulen
Personalet har felles rutinar/ system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">- skulen har system og rutinar for kartlegging- skulen har system og rutinar for jamleg tilbakemelding til elevane- skulen har system og rutinar for oppfølging av måloppnåing- skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- skulen har sett av tid til arbeid med vurdering- skulen har sett av tid til samarbeid og metodedrøfting- personalet er opne for endringar- skulen har fokus på tilpassa opplæring- skulen vurderar jamleg verksemda si- leiinga gjev informasjon og dei tilsette søkjer naudsynt informasjon



5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium: Vurderinga stimulerar til utvikling og læring

- Eleven kjenner læringsmåla

I samtale med elevane kom det fram at dei visste kor læringsmåla fanst. Noko lærarane stadfesta. Måltestane var med på å gjere elevane medvitne på læringsmåla og kva dei skulle lære. Vekeplanane har læringsmål, og såleis har foreldra høve til å gjere seg kjend med desse.

- Eleven veit kva som skal vurderast

Elevane fortel at dei har målprøvar, kapittelprøvar, diktatar og gloseprøvar. I samtale med lærarane kjem det fram at somme gjennomgår læringsmåla på nytt i forkant av målprøvene. På den måten sikrar dei at elevane veit kva dei skal vurderast i. Elevane har eigevurderingsskjema på vekeplanane/arbeidsplanane. Her skal elevane kryssa ut om dei har nådd læringsmålet for veka i dei ein skilde faga.

- Det vert gjennomført elevsamtalar/fagsamtalar og utviklingssamtalar

Skulen gjennomfører elevsamtalar/fagsamtalar og utviklingssamtalar. Lærarane har timeplanfesta 1 t/veke til fast elevsamtale. Elevane gav tilbakemelding om at samtalane vert nytta til å snakke om trivsel og lekser. Skulen gjennomfører 2 utviklingssamtalar kvart år.

Kriterium: Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule

- Foreldre/føresette kjenner læringsmåla og veit kva som skal vurderast

- Foreldre deltek i delar av vurderinga

- Skulen informerer foreldre/føresette om vurderingspraksisen ved skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Foreldre blir orientert om læringsmåla gjennom vekeplanen og halvårsplanar. I tillegg orienterer skulen om læringsmål og vurderingspraksis på foreldremøte og

klasseforeldremøte. Foreldreundersøkinga syner at foreldra på Bolstad skule er svært nøgd med informasjonen dei får. Skulen scorer i snitt langt over gjennomsnittet for Voss på dette området. På foreldremøtet stadfesta dei dette.

Elevane har i samarbeid med foreldra/føresette eigenvurdering i forkant av utviklingssamtalane. Somme elevar seier at dei fyller ut eigenvurderinga på vekeplanen/arbeidsplanen saman med foreldra sine.

Etter sist eksterne vurdering har skulen innført månadsbrev. Dette brevet gir informasjon om den sosiale og faglege utviklinga til den enkelte elev. Foreldra er nøgd med månadsbrevet. Elevane seier at dei likar månadsbrev fordi det er bra å sjå korleis lærarane vurderer arbeidet og innsatsen. I tillegg meiner enkelte elevar at det bra at foreldra får vite korleis dei har jobba på skulen, og korleis dei har oppført seg. Andre peikar på at dei likar tilbakemeldingane om kva dei skal jobbe meir med.

I forkant av utviklingssamtalane får elevane med seg heim eit skjema for eigenvurdering. I tillegg får eleven med seg læraren si halvtårsvurdering. På denne måten vert både eleven og foreldra/føresette kjend med korleis læraren har vurdert, slik at dei lettare kan stille spørsmål og få ein dialog kring eleven si utvikling. Dette likar foreldra.

Foreldra opplever også at det er lett å ta kontakt med skulen, og at skulen er flink til å kontakta dei, om det skulle vere noko. Skulen melder tilbake om engasjerte foreldre/føresette med ei stor dugnadsånd.

Kriterium: Personalet har felles rutinar/system for vurdering

- **Skulen har system og rutinar for kartlegging**
- **Skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering**

Skulen har egne kartleggingsrutinar. Her har dei ein tidsplan for kartlegging i ulike fag, og kva materiell som skal nyttast i kartlegginga. Resultata frå prøvane vert arkivert i egne permar hos lærarane.

Månadsbrev og utfylte vurderingsskjema vert samla hos lærarane i eigen mappe. Foreldra får kopi.



Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- **Skulen har sett av tid til arbeid med vurdering**
- **Skulen har sett av tid til samarbeid og metodedrøfting**

Skulen har fast tid pedagogisk utviklingsarbeid (PU-tid). I tillegg har lærarane fast samarbeidstid kvar veke. Årshjulet syner at skulen har sett av tid til arbeid med elevvurdering i forkant og etterkant av den eksterne vurderinga. I tillegg skal skulen på kurs med vurdering som tema.

- **Personalet er opne for endringar**

I samtale med dei tilsette kjem det fram at dei opplever seg sjølv som opne for endringar.

- **Skulen har fokus på tilpassa opplæring**

Skulen har tilpassa vekeplanar/arbeidsplanar for elevane. Lærarane seier at dei brukar tid på å finne arbeid til den einskilde elev. Nokre av dei tilsette meiner at dei er gode på dette.

- **Skulen vurderer jamleg verksemda si**

Skulen har gjennomført elevundersøking, foreldreundersøking og ståstadsanalysen. I tillegg evaluerer dei verksemdsplanen sin kvart år. I samband med evalueringa, har dei utvikla ulike skjema for elevvurdering.

- **Leiinga gjev informasjon og dei tilsette søker naudsynt informasjon**

Dei tilsette er godt nøgd med informasjonsflyten og opplever at det er låg terskel for å ta opp ting. Dei meiner og at dei er flinke på å søkje informasjon. Skulen er liten og oversiktleg, noko som blir trekt fram som positivt av dei tilsette. Det er tett kontakt mellom tilsette og rektor, og dei opplever seg sjølv som eitt team.



6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

KRITERIUM: Vurderinga stimulerar til utvikling og læring

- Eleven kjenner læringsmåla og veit kva som skal vurderast

Læringsmåla står på vekeplanane/arbeidsplanane. Ståstadsanalysen synte at lærarane meinte at alle elevane kjenner til læringsmåla. I samtale med dei tilsette kom det likevel fram at somme lærarar er usikre på om alle elevane forstår måla. Vidare kjem det fram at skulen har ulik praksis på når, og korleis, læringsmåla vert presentert. Elevane seier at dei snakkar om læringsmåla på skulen, men enkelte elevar seier at det blei snakka meir om læringsmåla før. Andre veit ikkje kva læringsmål er, og nokre seier at dei ikkje veit kva dei skal læra. Det kjem fram i samtalanane at det er ulikt kor mykje lærarane snakkar om kva elevane skal læra i den enkelte timen.

Skulen bør drøfta korleis dei presenterer læringsmåla for elevane for å få ein lik praksis. Det er viktig å presisera for elevane **kva formålet med timen er**. Å ha fokus på læring og læringsmålet, gjer eleven budd på kva han skal læra. Ein måte å gjera dette på, kan vera å gjera læringsmåla meir synlege i klasseromma og repetera læringsmålet for kvar time.

Dokumentanalysen viser at skulen bør ha ei drøfting kring kva som er læringsmål. Enkelte av læringsmåla er gjeremål og ikkje læringsmål. Å ha læringsmål som går over fleire veker gjer det uklart kva elevane skal læra til ei kvar tid. Foreldra framhevar at læringsmåla kan vera upresist formulert, og at det kan vere vanskeleg å vurdere om eleven har nådd målet. Dei uttrykker og frustrasjon over at enkelte læringsmål står oppatt veke etter veke.

For å gjere det enkelt å vurdere om elevane har nådd måla, bør desse måla vere korte og presise, slik at det vert lett for elevane å sjå samanhengen mellom det dei held på med og læringsmålet.

- Eleven får rettleiing og vurdering undervegs, slik at han vert medviten på kva, og korleis, han skal arbeide vidare

Alle lærarane seier at dei gir både munnleg og skriftleg undervegsvurdering, noko elevane stadfestar. I samtale med tilsette kjem det likevel fram, at enkelte synast det er vanskeleg å gje undervegsvurdering, og å rettleie eleven i korleis han skal arbeide for å koma vidare. Foreldra på si side etterlyser at lærarane i



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

større grad gir fortløpande framovermeldingar med råd om korleis eleven skal arbeide vidare for å nå målet.

Målprøvene og kapittelprøvene blir brukt til å måle elevane sin kompetanse på slutten av eit emne. For å sikre at kvar enkelt elev får hensiktsmessig undervegsvurdering, bør skulen drøfte korleis dei i større grad skal oppfylje kravet i § 3-11, slik at vurderinga blir eit reiskap **for** læring.

Ein måte å gjere dette på kan vere å innføre målprøve kvar veke. Ei slik prøve vil gje elevar, foreldre og lærar tilbakemelding om kvar den enkelte elev står i høve måloppnåinga, og såleis vere eit verkty for å hjelpa eleven vidare, medan eleven framleis arbeider med same tema. Vekentlege målprøvar vil kunna vera eit godt hjelpemiddel for å tilpasse undervisninga. Praksisen der elevane puggar svara til målprøva, er ikkje ei reel vurdering på om eleven har nådd læringsmåla. På foreldremøtet kom det fram at dei var kritiske til ei slik målprøving.

§ 3-11. Undervegsvurdering

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen og lære kandidaten aukar kompetansen sin i fag, jf. § 3-2. Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.

Undervegsvurderinga skal innehalde **grunnleggjande informasjon** om kompetansen til eleven, lærlingen og lære kandidaten og skal givast som meldingar med sikte på **fagleg utvikling**.

Eleven, lærlingen og lære kandidaten har minst ein gong kvart halvår rett til ein samtale med kontaktlæraren eller instruktøren om sin utvikling i forhold til kompetansemåla i faga. Samtalen kan gjennomførast i samband med halvårsvurderinga utan karakter, jf. § 3-13 og i grunnskolen i samband med samtalen med foreldra etter § 3-9.

Læraren skal vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4.

Lærarane seier at dei legg mykje arbeid ned i månadsbrevet. Det blir mellom anna brukt til å gje framovermeldingar til eleven. Foreldra tykkjer at månadsbrevet er bra, likevel peikar dei på at dei opplever framovermeldingane som lite konkrete. Vidare seier dei at månadsbrevet av og til har vurderingar som er lite informative. Dei nemner: Flott, fint, bra, og undrar på kva som ligg bak desse vurderingane. Fleire foreldre har også vanskar med å sjå samanhengen mellom vurderinga og framovermeldinga.

Vurderarane opplevde og eit sprik i forventingane mellom foreldre og lærarane. Lærarane ynskte at foreldra i større grad skulle gje tilbakemelding på månadsbrevet, til dømes at foreldra etterspurde arbeidsmetodar for å hjelpe eleven vidare. Foreldra på si side syns det var vanskeleg å gje tilbakemelding, då dei var usikre på kva lærarane forventa.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Det må vere skulen sin oppgåve å rettleie foreldre og elevar i kva og korleis elevane skal arbeide for å nå måla. For å få foreldra deltakande i vurderingsarbeidet, kan det vere lurt å gje foreldre konkrete spørsmål som dei skal svare på.

- Vurderinga er eit reiskap i den tilpassa opplæringa

Dei tilsette seier at dei kjenner elevane godt, og er gode på tilpassa undervisning. Foreldra derimot, meiner at skulen har eit forbettringspotensial når det gjeld tilpassa opplæring. Dei saknar særleg at dei "flinke" elevane får utfordringar å strekkje seg etter. Vidare seier foreldra at overgangen mellom elevgrupperingane er stor. Dei ynskjer at særleg 2. og 4.klasse vert stilt høgare krav til, slik at overgangen til 3. og 5.klasse blir mindre.

Å gjere seg nytte av varierte undervisningsmetodar, som t.d. stasjonsarbeid og arbeidsprogram vil vere arbeidsmåtar der læraren i stor grad kan gje tilpassa oppgåver. Det er og viktig å variere bruken av pedagogiske hjelpemiddel for å variere undervisninga. Elevar lærer på ulike måtar, difor er det viktig at det vert variasjon både i arbeidsmetode og i bruk av hjelpemiddel/verky.

- Eleven er aktiv og har medansvar i vurderingsprosessen

I samtale med tilsette, elevar og foreldre kjem det fram at den eigenvurderinga som elevane gjer kvar veke, ikkje vert fylgd godt nok opp av skulen.

§ 3-12. Eigenvurdering

Eigenvurderinga til eleven, lærlingen og lære kandidaten er ein del av underevgs vurderinga. Eleven, lærlingen og lære kandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. opplæringslova § 2-3 og § 3-4.

Skulen må drøfte praksis kring eigenvurderinga. Dei må einast om ein felles måte å gjennomføre denne . Eigenvurderinga er eit tiltak som skal sikra at eleven er aktiv, og får ha eit reelt medansvar i vurderingsarbeidet. Foreldre og elevar forventar at det arbeidet der elevane har medverknad, blir fylgd opp av lærarane. Utan oppfølging, fell hensikta med eigenvurderinga bort.

På skolenettet kan de få tips til korleis de i større grad kan få elevane deltakande i eiga vurdering i timane. Her kan de laste ned filmar (4-9 min) som syner døme på konstruktiv elevmedverknad. Desse sidene kan hjelpa skulen til å finne metodar for å la elevane i større grad vurdere eige arbeid, kompetanse og fagleg utvikling.



Hardanger / Voss kompetanseregion **Vurderingsgruppa**

Om undervisning og undervegsvurdering:

<http://www.skolenettet.no/Moduler/Vurdering/Templates/Pages/SectionPage.aspx?id=64658&epslanguage=NO>

"Filmene viser eksempler på hvordan undervisning og undervegsvurdering kan foregå, og kan også danne gode utgangspunkt for å diskutere og reflektere over egen og skolens vurderingspraksis".

Vurderingsverktøy: <http://www.skolenettet.no/Moduler/Vurdering/Templates/Pages/SectionPage.aspx?id=64669&epslanguage=NO>

Kriterium: Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule

- **Foreldre/føresette kjenner læringsmåla og veit kva som skal vurderast**

Foreldra kjenner læringsmåla gjennom vekeplanen og halvårsplanane. Likevel synast dei at enkelte læringsmål er uklære.

Skulen bør som påpeika tidlegare, drøfte omgrepet læringsmål. Når læringsmåla er tydelege vil det komme klart fram kva elevane skal vurderast i.

Kriterium: Personalet har felles rutinar/system for vurdering

- **Skulen har system og rutinar for oppfylging av måloppnåing**

Ståstadsanalysen syner at skulen bør betre praksis når det gjeld å gjera seg nytte av resultatata frå kartlegging og ulike prøvar.

I verksemdsplanen /informasjonsskrivet står det at Bolstad skule skal ha eit system for å fylgja opp resultatata frå kartleggingsprøvene og dei nasjonale prøvene.

Dersom ein nyttar arbeidsprogrammetodikken, vil ein også ha rom for å leggje opp til at kvar elev får individuelt tilpassa oppgåver, i tråd med den informasjonen som kjem fram på eigenvurderinga og resultatata frå dei ulike kartleggingane og prøvene.



Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon

- Skulen har fokus på tilpassa opplæring

Personalet har samarbeidstid. I ein periode kan det vere lurt å bruke tid på å diskutere arbeidsmetodar og vurderingspraksis for å betre den tilpassa opplæringa.

- Personalet er opne for endringar

Til tross for at dei tilsette opplever seg sjølv som opne for endringar, tykkjer foreldra at opplæringa i for stor grad heller mot den tradisjonell tavleundervisning, og dei etterspør meir variasjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 - Vidare arbeid

Som rektor ved Bolstad skule vil eg takka vurderarane for arbeidet. Sjølv om skulen er liten og oversiktleg, treng me "blikk" utanfrå for at me skal kunna utvikla oss.

Me set pris på dei sterke sidene de har funne ved skulen vår, og me vil bruka desse til å arbeida med dei utviklingsområda me har fått.

Me vil så snart som råd er, drøfta i personalet korleis me skal arbeida med utviklingsområda, setja opp prioriteringar og laga ein plan over korleis me skal arbeida med utviklingsområda.

Etter 6 månader vil skulen så senda rapport til skuleeigar ved kommunalsjefen for pedagogiske tenester i Voss kommune, dette for å gjera greie for korleis me har arbeidd med utviklingsområda og kor langt me har kome. Der vil me også skissera vidare arbeid

Bolstad skule 28.10.10
Svein Mykkeltvedt
Rektor.

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Bolstad skule, 28.oktober 2010

Britha Sandal

Vurderingsgruppa Hardanger/Voss

Tove Haugen

Vurderingsgruppa Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Vedlegg 1

Deltakarar i vurderinga:

Interne: Elevar, tilsette og foreldre /føresette

Eksterne: Tove Haugen og Britha Sandal frå Hardanger /Voss kompetanseregion

Grunngeving for val av informantar:

Når temaet "Elevvurdering" skal handsamast, er det viktig å involvera alle partane det gjeld. Alle må få koma med innspel som kan vera med på ei positiv utvikling av den prosessen skulen er i. Det temaet skulen har valgt, krev at skule og heim samarbeidar og dreg i same retning.

Foreldremøtet var ope for alle foreldra.

Alle lærarane og leiar for SFO vart intervjuet.

Rektor sette opp eit utval elevar til intervjuet.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV BOLSTAD SKULE HAUSTEN 2010

Vurderingstema: ELEVVURDERING

Vurderingspar: Tove Haugen og Britha Sandal

Tid	Aktivitet	Ansvar
Veke 35	Kontakt med skulen. Avtale veke for vurdering og dato for formøtet.	Vurderarane
Veke 36	Skulen oversender relevant informasjon og dokumentasjon til vurderarane i høve tema for vurdering.	Skulen/ rektor
Veke 37-40	Forslag til kriterium vert sendt skulen Skulen går gjennom kriterium/glansbiletet og sender attende til vurderarane – eventuelle justeringar. Skulen lagar ein tidsplan for vurderingsveka.	Vurderarane Rektor Rektor
Veke 41	5.okt. og 19.oktober – skulen går gjennom kriteriana /glansbileta.	Rektor
Veke 40-42	Tinge hotellrom 2 enkeltrom (Park hotell). Utarbeiding av samtaleguidar for elevar og foreldre/føresette. Planlegging av foreldremøte. Kalle inn til foreldremøte (dag: måndag 25.oktober) Formøte med skulen: rektor +tilsette tysdag 19.oktober.	Rektor Vurderarane Vurderarane Rektor Rektor/ vurderarane
Veke 43	Vurderingsveka	
	Søndag Ettermiddag/kveld: Planlegging av vurderingsarbeidet og foreldremøtet.	Vurderarane
	Måndag. Møte med rektor. 08.15. – 08.30 Presentasjon av vurderarane for elevane og omvisning. Samtale med elevar. Observasjon i klassane. Før- og etterarbeid Foreldremøte Etterarbeid	Rektor / Vurderarane



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

	Tysdag. Samtale med tilsette Observasjon i klassane Oppklarande spørsmål, møte med rektor Før- og etterarbeid	Rektor/ Vurderarane
	Onsdag. Arbeid med rapport	Vurderarane
	Torsdag. Arbeid med rapport Møte med rektor Framlegging av rapport	Vurderarane Rektor Vurderarane



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møte alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sende vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, vekeplanar /arbeidsplanar, informasjonsskriv til heimen og ståstadanalysen.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i alle klassane og i friminutt.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Vedlegg 3

Dette sa elevane:

KRITERIUM	
Vurderinga stimulerer elevane til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none">- Kjenner de læringsmåla?- Veit de kva som skal vurderast?- Får de rettleiing og vurdering undervegs slik at de vert medviten om kva og korleis de skal arbeide vidare? (her ligg og det med tilpassa opplæring) Tilbakemelding frå lærar: Vekeplan: <ul style="list-style-type: none">- Er de aktive i vurderingsprosessen?- Blir det gjennomført elevsamtalar/fagsamtalar og utviklingssamtalar? Kor ofte?
Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- Kjenner foreldre/føresette læringsmåla?- Korleis veit foreldre/føresette om kva som skal vurderast?- Deltok foreldre/føresette i vurderinga?- Korleis informerer skulen føresette om vurderingspraksisen ved skulen?
Personalet har felles rutinar/ system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">- Får de jamnleg tilbakemelding i faga? Korleis?- Kva gjer lærarane om de ikkje har nådd måla i ein periode?
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- Kva er bra på Bolstad skule?- Kva kunne vore betre på Bolstad skule?



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Vedlegg 4

Dette sa lærarane:

KRITERIUM	
Vurderinga stimulerer elevane til utvikling og læring	Kjenner elevane læringsmåla? Korleis vert læringsmåla presentert? Får eleven rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert medviten om kva og korleis han skal arbeide vidare? Er eleven aktiv i vurderingsprosessen? Vert vurderinga brukt som eit reiskap i den tilpassa opplæringa? Korleis? Kva for vurderingsformer brukar de (skriftlege/munnlege)? Blir det gjennomført elevsamtalar/fagsamtalar og utviklingssamtalar? - Kor ofte?
Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule	Kjenner foreldre/føresette læringsmåla? Korleis veit foreldre/føresette om kva som skal vurderast? Deltok foreldre/føresette i vurderinga? Korleis informerer skulen føresette om vurderingspraksisen ved skulen?
Personalet har felles rutinar/ system for vurdering	Kva system og rutinar har skulen for kartlegging? Har skulen system og rutinar for jamnleg tilbakemelding til elevane? Korleis? Har skulen system og rutinar for oppfølging av måloppnåing (oppfylgjing av kartleggingsprøvar osv)? Har skulen system og rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering?
Skulen er ein lærande organisasjon	Har skulen sett av tid til arbeid med vurdering? Har skulen sett av tid til samarbeid og metodedrøfting?



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

	<p>Er personalet opne for endringar? Har skulen fokus på tilpassa opplæring? Vurderer skulen jamleg verksemda si ? Korleis? Gjev leiinga informasjon? Søkjer dei tilsette naudsynt informasjon?</p>
--	---

Vedlegg 5



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Foreldremøte Bolstad skule måndag 25.oktober 2010

1. Sett opp punkt de meiner Bolstad skule er flink til?
2. Sett opp punkt de meiner Bolstad skule kan bli flinkare til.
3. Sett opp punkt de meiner foreldra kan bli flinkare til.
4. Er tilbakemelding frå lærar/skulen slik at de kan sjå kva eleven skal gjere for å verta betre?
5. Deltek føresette i delar av vurderinga? Korleis?



Vedlegg 6

Observasjonsark

Dette observerte vi:	+	-	KOMMENTAR
Vekeplanen:			
- læringsmåla fins			
- informasjon til heimen			
- tilpassa undervisning			
- anna			
Klasserommet:			
- praktisering av tilpassa undervisning			
- variasjon i bruk av læremiddel			
- informasjon om kva som skal skje i timen			
- anna			
Eleven:			
- tilbakemelding			
- framovermelding			
- tilpassa undervisning			
- anna			
Læringsmiljø:			
- ordensregler			
- klasseregler			
- respekt for medelevar			
- respekt for den vaksne			
- respekt for elevane			
- arbeidsro			
- orden			
- struktur/flyt i timane			
- varme/omsorg			
- klasserom bærer preg av elevaktivitet og læring			
- anna			
Friminutt:			
- aktive elevar			
- inkludering			
- ekskludering			
- aldersblanding			
- tilrettelagt utemiljø			
- tilsyn			
- anna			